



Nasjonalparkstyret  
for Reinheimen

# Møteinnkalling

---

**Utvalg:**      **Arbeidsutval nasjonalparkstyret for Reinheimen**  
**Møtested:**   Teams  
**Dato:**        13.03.2023  
**Tidspunkt:**   12:00

---

Eventuelt forfall må meldes snarest til nasjonalparkforvalter. Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.

## Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
	Referatsaker		
ST 1/2023	Godkjenning av innkalling		
ST 2/2023	Romsdalen LVO - dispensasjon - 2023 - grunnundersøkelser i forbindelse med planarbeid - E136 Dombås - Vestnes - delstrekning Flatmark - Marstein		2023/2797

**ST 1/2023 Godkjenning av innkalling /**



Arkivsaksnummer: 2023/2797-2

Saksbehandlar: Mari Melbø Rødstøl

Dato: 13.03.2023

Utval	Utvalssak	Møtedato
Arbeidsutval nasjonalparkstyret for Reinheimen	2/2023	13.03.2023

## Romsdalen LVO - dispensasjon - 2023 - grunnundersøkelser i forbindelse med planarbeid - E136 Dombås - Vestnes - delstrekning Flatmark - Marstein

### Innstilling frå forvaltar

Med heimel i naturmangfoldsloven § 48, får Nye Veier dispensasjon til motorisert ferdsel i utmark og til å utføre boring for grunnundersøkelser, i samband med planarbeid på delstrekninga Flatmark-Monge-Marstein i Romsdalen landskapsvernområde.

Dispensasjonen er gjeve med følgjande vilkår:

- Trase for køyring og boring skal følgje punkter anvist i saksutgreinga.
- Køyringa skal ikkje medføre varig terrenningrep.
- Det skal ikkje ryddes gamle og store tre for å komme fram med borreriggen.
- Viss det ligg gamle store stokker i vegen for borreriggen, skal desse berre løftes til side og legges igjen.
- Forvaltninga kan krevje revegetering og restaurering etter traseryddinga, om det blir terrenningrep som påverkar verneverdiane.

--- slutt på innstilling ---

### Dokument i saka

- Søknad frå Plan AAV på vegne av Nye Veier, sendt på e-post 01.03.2023.
- Utfyllande informasjon på e-post frå Plan AAV 07.03.2023.
- Møtereferat frå møte mellom Nye veier, Nasjonalparkforvalter og Statsforvalter i M og R. 08.12.2022

## Saksopplysninger

I samband med utredning av alternative løsninger for E136 på vegstrekninga Flatmark-Monge-Marstein i Romsdalen lvo, treng det supplerande grunnundersøkingar.

*Frå søknaden:*

*I forbindelse med utredning av alternative løsninger for E136 på veistrekningen Flatmark-Marstein gjennom Romsdal er det behov for å gjøre supplerende grunnundersøkelser, hvorav flere ligger innenfor Romsdalen landskapsvernområde. Grunnundersøkelsene er nødvendige for å undersøke typen løsmasser i området og stabiliteten til løsmassene i forbindelse med vurdering av ulike vegtraséer og utforming av vei (vanlig vegskråning, mulig støttemur eller andre mulige konstruksjoner). Grunnundersøkelsene søknaden gjelder vil være i området mellom Flatmark og Hjellhølen. De øvrige boringer som er aktuelle vil ligge utenfor landskapsvernområdet.*

### PLANLEGGING

*Boringen vil skje med en beltegående borerigg, og det vil måtte gjøres noe vegetasjonsrydding i forbindelse med arbeidet i flere av punktene. Borpunktene er plassert så nær eksisterende veitrasé eller etablerte kjøretraséer som mulig, for å begrense omfanget av inngrep. Det er ønskelig å utføre dette arbeidet vinterstid/tidlig vår, mens det fremdeles er tele i bakken, og vannstanden i elva er lav. Dette vil medføre færre landskapsinngrep og skade på vegetasjon og terreng. Spesielt ved Jetmundhølen og Flatmark vil det være en stor fordel å kunne utføre grunnundersøkelsene så raskt som mulig.*

*Det henvises ellers til e-post til Statsforvalter v/ Geir Moen den 07.02.2023 med informasjon og spørsmål for avklaring for borpunkter i elva ved Jetmundhølen og Remmem bru (utenfor landskapsvernområdet). Det er i tilbakemelding fra Statsforvalter (e-post 10.02.2023 og 28.02.2023) angitt at med gitt informasjon er det ikke behov for søknad i forhold til vannmiljø.*


### DETALJER OM BORERIGG OG GJENNOMFØRING AV UNDERSØKELSENE

- Boreriggen er 2,1(bred)\*5m(lang).
- Det må som regel ryddes 3-5 meter for å få rom til å ta seg fram og vende osv. Bredden gir fleksibilitet slik at man kan svinge rundt større trær og sånn sett etterlate færre varige spor.
- Borehull har diameter 57-85 mm.
- På land vil eventuelt borslam/borkaks samles opp i en høg ved siden av borehull, legges tilbake i hullet etterpå.



Borepunkter:

## FLATMARK - KJERKJEFOSEN



Figur 1: Borpunkter mellom Flatmark og Nordre Flatmark (Fra Gis-portal, der naturverdi og kulturminner vises)

**E1 og E2 – Flatmark jorder:** Boring på dyrka mark – adkomst via gårdsvei og jorde. Krever ingen inngrep.

**E3 – Flatmark skog:** I skogen mellom elv og vei – adkomst via E4 og kjøreadkomst til elva. Krever rydding av vegetasjon over et strekk på ca. 65 m fra E4, da det er for bratt med adkomst direkte fra hovedvei. Befaring har vist at det vil være mulig å rydde kratt, men manøvrere unna større trær.

**E4 og E5 – Flatmark nær Rauma:** Boring i kantsone mellom veien og Rauma – adkomst via grusvei. Krever ingen terrenginngrep. Noen meter vegetasjonsrydding ved E4.

### **E6, E7 og E8 – Nordre Flatmark:**

Boring i hagen på Nordre Flatmark gård og i veikant mot jernbane – adkomst via gård og gårdsvei. Krever ingen terrenginngrep eller vegetasjonsrydding.



Figur 2: Dronefoto som viser aktuelle punkter for grunnundersøkelser ved Nordre Flatmark (Foto: Grindaker)

## KJERKJEFOSSEN - SKIRIMOEN



Figur 3: Borpunkter mellom Kjerkjeura og Skirimoen (Fra Gis-portal, der naturverdi og kulturminner vises)

### **E15 – Mellom vei og jernbane ved Kjerkjeura:**

Boring i veikant mot jernbanefylling – Utføres fra veikant. Krever ingen inngrep.

### **E9 og E14 - Jetmundhølen:**

Det er lagt inn 2 punkter på sandavsetninger i Jetmundhølen for å kartlegge materialet i elven. Adkomsten krever i utgangspunktet ingen inngrep, gitt at det utføres når vannstanden er så lav som nå. Da kan man kjøre inn via eksisterende adkomst ned til elva og ut på sandavsetningen. Hvis vannstanden er for høy vil vi revidere og flytte et punkt og da stå på land og bore på neset som vist på figur 5. I så fall vil noe buskvegetasjon måtte fjernes. Dersom dette er aktuelt vil punkt E14 flyttes nærmere land og E9 droppes.

### **E13 – Skirimoura**


Boring tett på eksisterende jernbane og undergang ved Skirimoen. Adkomst fra eksisterende vei, men trase på ca. 35 m inn til borpunkt må vegetasjonsryddes. Ingen antatte terrengendringer.



Tiltaket skjer i et relativt flatt terreng.




Figur 4: Dronefoto med markering av antatt adkomst gitt at undersøkeres kan utføres mens vannføringen er lav (Fotoet viser vannstand i september 2022 etter mye nedbør). (Foto: Grindaker)



Figur 5: Foto tatt på befaring i januar, der sandavsetningens utstrekning ved lavvann vises (Foto: EraGeo)

## SKIRIMOEN - SKIRI



Figur 6: Borpunkter vest for Skirimoen. Samtlige er tett på eksisterende veier og kjøretreaser. (Fra Gis-portal, der naturverdi og kulturminner vises).

### **E16 –E17 Mellom jernabane og vei mellom Skirimoen og Skiri gård**

E16 ligger nær dagens jernbane i et område som nylig er hugget. Adkomst via skogsbil/traktorspor, som ikke vil kreve nye inngrep. E17 ligger noen få meter fra dagens veikant. Krever ingen terrenginngrep, men kanskje noen meter rydding av kratt.

### **E18-E19 – I skogen vest for Skiri gård**

Boring inntil dagens vei. Enkel adkomst som sannsynligvis ikke vil kreve noen synlige inngrep. Punktene ligger noen få meter fra dagens veikant. Evt rydding av noe kratt.




Figur 8: Dronefoto av området og adkomst til borpunkt E19 nær eksisterende kjøresløyfe



Figur 7: Dronefoto med antatt plassering av borpunkt ved veien.

**RYGG - HJELLHØLEN**



Figur 9: Borpunkt E22 og E23 ved bergskjæring mot dagens vei. Grensen for landskapsvernområdet går like vest for området.

## E22-E23 – Rygg til Hjellhølen

Her planlegges to borerer inn mot fjellsiden for å påvise start og slutt på antatt berg. Selv om dette er et område med store landskapsverdier vil man kun berøre innside av vei mot berg. Enkel adkomst som ikke krever varige inngrep.



Figur 10: Landskapet mellom Rygg og Hjellhølen der veien og jernbanen ligger tett på Rauma. Antatte borpunkter kan tas fra dagens vei. (Foto: Grindaker)

### Søknaden er vurdert i samsvar med:

- Verneforskrift for Romsdalen landskapsvernområde, 24.11.2006
- Naturmangfoldloven, 19. juni 2009 nr. 100
- Forvaltningsplan for Reinheimen, mars 2010.

## Heimelsgrunnlag

### Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndigheit for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 17.08.2015.

Styret kan nedsette eit arbeidsutval med personar frå styret. Styret kan gje arbeidsutvalet mynde til å gjere vedtak etter naturmangfaldlova/verneforskriftene i einssilde saker som ikkje har stor påverknad på verneverdiane. Arbeidsutvalet sine vedtak skal vere innafør ramma av prinsipp fastsett av styret for dei ulike saksområda i tråd med naturmangfaldlova/verneforskriftene.

## Verneformål – forskrift

Formålet med vern av Romsdalen landskapsvernområde er å ta vare på eit særprega og vakkert naturlandskap med mangfald frå dalbotn til høgfjellet, kulturlandskap og kulturminne. Etter verneforskrift for Romsdalen landskapsvernområde er inngrep forbode og det er ikkje spesifisert unntaksregel for denne typen tiltak. Ein søknad om dispensasjon krev behandling etter den generelle dispensasjonsheimelen i § 4 (generelle dispensasjonsreglar), dvs. vurdering etter naturmangfaldlova § 48.

## Naturmangfaldlova

§ 48 «dispensasjon fra vernevedtak»:

*Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig. -----*

*Søknad om dispensasjon etter første ledd skal inneholde nødvendig dokumentasjon om tiltakets virkning på verneverdiene. I dispensasjon etter første ledd skal begrunnelsen for vedtaket vise hvordan forvaltningsmyndigheten har vurdert virkningene som dispensasjonen kan få for verneverdiene, og hvilken vekt det er lagt på dette.»*

I tillegg til behandling etter verneforskrift og eventuelle retningslinjer i forvaltningsplan må søknaden også vurderes etter naturmangfaldlova, herunder dei miljørettslege prinsipp i §§ 8-12 (kunnskapsgrunnlag, føre-var prinsippet, samlet belastning på økosystemet, kostnader ved miljøforringelse bæres av tiltakshaver samt miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder), jf. § 7.

## Presedens

I enkeltsaker som gjeld tiltak, som i denne saka, skal ein vurdere verknaden av presedens ved at andre kan få dispensasjon til liknande tiltak. Dette følger ikkje minst krav til likebehandling. Presedensvurdering bør vera så konkret som mogleg.

## Vurdering

08.12.2022 inviterte Nye Veier til eit dialogmøte med forvaltninga angående vegstrekninga Flatmark- Monge.

I brev frå Nye veier står følgjande: *Det er ønskelig med tidlig involvering fra Statsforvalteren i forbindelse med planarbeidet for E136 Flatmark-Marstein. Tidligere utredninger har ikke tatt med veikonsept som benytter eksisterende veg i løsningsutviklingen. Vår hypotese er at dette gir grunnlag for kostnadsreduksjoner for prosjektet, samt at det gir god måloppnåelse i forhold til redusert konsekvens for klima og miljø.*

Nasjonalparkstyret har i tidlegare møte med både SVV og Nye veier komme med innspel på at det bør utredast moglegheiter for å gjenbruka eksisterande veg mest mogleg, og forvaltninga er difor positiv til at Nye veier ser vidare på dette. På møtet i desember kom nasjonalparkforvaltar blant anna med innspel om at Nye Veier bør vurdere om løysningar som pilarar i elva er betre enn fyllingar.

Det er naturleg at det er nødvendig med grunnundersøkingar for å kunne vurdere best tenleg måte å bygge veg (som t.d. pilarar) og kor vegstrekninga bør gå. Tiltaket som er omsøkt er difor eit akseptert tiltak for å møte Nasjonalparkstyrets ynskjer om grundig vurdering av alternative vegstrekningar gjennom landskapsvernområdet.

Det er ikkje heimel i verneforskrifta for slik type inngrep i verneområdet, så tiltaket må vurderast etter § 48 i naturmangfoldloven. For å kunne gi dispensasjon frå vernevedtak

gjennom naturmangfoldlovens § 48 skal tiltaket ikkje stride mot vernevedtakets formål og ikkje påverke verneverdiane nemneverdig, om det ikkje er av omsyn til sikkerheit eller vesentlege samfunnsinteresser bak.

Tiltaket må og vurderast etter dei miljørettslege prinsipp i §§ 8- 12 (kunnskapsgrunnlag, føre-var prinsippet, samlet belastning på økosystemet, kostnader ved miljøforingelse bæres av tiltakshaver samt miljøforsvarlege teknikker og driftsmetoder), jf. § 7.

Kunnskapsgrunnlaget (§ 8) er godt dokumentert gjennom verneplanarbeid både for Romsdalen lvo og for verna vassdrag. Det er god oversikt over kva som kan påverke landskap, økosystem, naturtypar og artar. I samband med konsekvensutredning av vegutbygginga er også gjort grundige kartleggingar av dette området. For å unngå fjerning av viktige artar er det satt vilkår om at gamle store tre og gamle stokkar ikkje skal fjernast frå området, jf. føre-var-prinsippet i nml § 9. Dette fordi gamle tre og nedbrotne stokkar har stor verdi for mange insekt og soppartar. § 10 Økosystemtilnærming og samla belastning. Tiltaket det er søkt om har eit avgrensa omfang i tid og sted. § 11 Kostnadene ved miljøforinging skal berast av tiltakshavar. Det er satt vilkår om at: *Forvaltninga kan krevje revegering og restaurering etter traseryddinga, om det blir terrenginngrep som påverkar verneverdiane.* § 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar. Bruk av beltegåande borerigg er føremålstenleg metode for dette arbeidet.

Dei fleste av borrepunkta ligg i nærleiken av veg og det blir beskrive at det vil bli lite terrenginngrep. Forvaltninga ser det som positivt at det blir gjort grundige undersøkingar for å kunne gje eit best mogleg vurdering av vegalternativ og med dei vilkår som er satt vil ikkje desse inngrepa stri mot vernevedtakets formål og ikkje påverke verneverdiane nemneverdig

Då ein treng grundige undersøkingar i samband med planlegging av veitrassen E 136 Flatmark-Skiri- Monge, ynskjer vi å gi løyve til denne grunnundersøkinga. Dette vil være forbigåande og nytta av undersøkinga vil være større enn ulempa dette medfører.